
Vår referanse 2021/7857-2
Dato 20.03.2021

Inge Herman Rydland

Svar - Nabovarsel - Driftsbygning Fv. 5472 Seimsstranda - Gnr 173 bnr 3 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til nabovarsel mottatt 13.03.2021.

Varselet gjeld reperasjon og renovasjon av ei gamal løe.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, mottek nabovarsel som nabo og eigar av fylkesveg 5472 Seimsstranda.

Vestland fylkeskommune har også ei rolle som vegstyresmakt. Vi vil på generelt grunnlag opplyse om at fylkeskommune som vegstyresmakt

- skal handsame eventuelle søknader om avkøyrsløse eller dispensasjon frå byggegrense etter veglova.
- har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova kap. 19 når saka direkte berører vårt saksområde.
- har rett til å uttale seg til saker som fell inn under den kommunale bygningsstyresmakta si samordningsplikt, jamfør plan- og bygningslova § 21-5.

Bygningen som skal renoverast ligg innanfor byggjegransa til fylkesvegen, med næraste punkt om lag 6 meter frå vegmidte. Vi vil difor vise til at dersom tiltaket medfører vesentleg fornying og oppattbygging av bygninga, så krev det eit nytt løyve etter veglova, jf. §35. Reglane om byggjegransa langs veg gjeld då fullt ut. Vi har ikkje nok opplysning til å ta stilling til om dette er tilfellet i denne saka, så dette må avklarast vidare i byggesaka.

Vestland fylkeskommune gjer dykk merksam på at det kan vere andre avdelingar i fylkeskommunen som kan ha interesser i saka.

Med helsing

Kari Elster Moen
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4